

**Tango Twist i Helgheim**

14.09.2010

**Tysdag om to veker (28. september) kjem Tango Twist til Helgheim og då kan ein få servert tangofavorittar og anekdotar frå heile verda..**

**Dei tre damene har vore i Kvinnherad før, då i samarbeid med Hardanger Musikkfest, Rosendalstunet og Ølve Alderspensionat.**

**No skal dei innoM Møteplassen Aksen på Husnes og Halsnøytunet på måndag. Tysdag besøker dei Helgheim og den kommunale eldrefesten på Husnes.**

Tango Twist er eit ferskt ensemble. Trioen oppdaga ein felles interesse for tango under ei konsertreise og starta spontant og med stor entusiasme ei gruppe. Musikarane arbeider også saman i andre konstellasjonar: Marita og Ingvild i Ensemble Fanfaronner og Tove og Marita i Ensemble Arteriol.

På tapetet denne gongen har dei tre ein fargesprakande variasjon av rike og livskraftige folkeformar av tango slik den har utvikla seg i ulike delar av verda. Det har oppstått eit mangfald av avleggjarar. Tango Twist har gjeve seg i kast både med desse og hovudformen.

Det heile blir bunde saman av anekdotar som er til å le av.

På programmet står mellom andre Det var på Capri, Fridtjof og Carmencita og En tango i det grønne!

Dette er ein konsert i regi av Den kulturelle spaserstokken.